

Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Voss Kommune

§ 1. Eigartilhøve / administrasjon

Voss herad er eigar og står for drifta av dei kommunale barnehagane. Barnehagane høyrer administrativt til under kommunalavdeling oppvekst.

§ 2. Lovverk

Barnehagen skal drivast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, og i tråd med kommunale vedtak og planar for barnehagen. Rammeplan for barnehagar er grunnlag for planarbeidet i barnehagen.

§ 3. Forvaltning

I samsvar med heradsstyrevedtak har utval for levekår ansvaret for forvaltning og tilsyn av barnehagane.

§ 4. Føremål

Voss herad sine barnehagar skal drivast i samsvar med barnehagelova § 1.

Nynorsk skal nyttast i dokument som barnehagen sender ut, og så langt som råd nyttast i songar og litteratur.

§ 5. Samarbeidsutval og foreldreråd

For å sikra samarbeidet med heimen til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er sett saman av foreldre/føresette til alle barna. Foreldrerådet skal fremma fellesinteresser og bidra til samarbeid med barnehagen om eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet er sett saman av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, og slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal sørjja for at viktige saker blir lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutval.

§ 6. Barnehagetilbodet

Barnehageåret vert rekna frå 15. august til og med 14. august.

Barnehagane har ulik opningstid. I barnehagar med opningstid utover 9 timar skal barna si opphaldstid ikkje overskride 9 timar per dag.

Samarbeidsutvalet i barnehagen kan gjera vedtak om kortare opningstid dersom ingen har behov for den opningstida som gjeld for den einkilde barnehage. Vedtak om endra opningstid gjeld for eitt barnehageår om gongen. Barnehagen held stengt seks planleggingsdagar i barnehageåret. Barnehagen sine planleggingsdagar skal liggja på dagar der skulen held stengt.

Voss herad har tilbod om barnehageplass på 5 og 4, dagar i veka.

§ 7. Barn med nedsett funksjonsevne

Heradet skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit egna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 19g.

§ 8. Rett til spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom dei har særlege behov for det. Dette gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gje barn tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring, til dømes språklege og sosiale ferdigheiter jf. barnehagelova § 19a.

§ 9. Lovfesta rett til barnehageplass

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august.

Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år, jf. barnehagelova § 12a.

Barnet har rett til plass i barnehage i det heradet der det er busett.

For søkjarar som ikkje er busette i heradet, vert søknad om barnehageplass behandla etter søknader frå busette i heradet er behandla.

§ 10. Søknad

Kommunale og private barnehagar har samordna opptak. Søknadsskjema, informasjonsskriv, søkjarliste og inntaksprosedyre er felles for kommunale og private barnehagar. Søknad om opptak skal sendast elektronisk, og det skal leggjast ved naudsynte attestasjonar. Foreldre/føresette som har behov for hjelp med digital søknad har rett på det.

§ 11. Opptak

Søknadsfrist til hovudopptaket, og for tildeling av barnehageplassar frå 15.august, er 1.mars.

Tildeling av plass er frå den 1. eller 15. i kvar måned.

Søkjarar som søker etter 1. mars, får tilbod om barnehageplass dersom det er ledige barnehageplassar i heradet.

§ 12. Sakshandsamingsreglar for tildeling av barnehageplass

Foreldre/føresette har rett til grunngjeving dersom dei ikkje får tildelt barnehageplass etter første eller andre ønskje om barnehage, jf. forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage.

Klage skal sendast til kommunalavdeling oppvekst.

§ 13. Prioriteringsliste for tildeling av barnehageplass:

Tildeling av barnehageplass skjer etter følgjande prioriteringsliste.

1. Barn med nedsett funksjonsevne, jf. § 13 i barnehagelova.*
2. Barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenesta, jf. § 4.4 *
3. Barn frå barnehagar som blir lagde ned.
4. Søsken har plass i same barnehage.**
5. Einslege forsørgjarar.
6. Fødselsdato.

* Dersom det blir søkt om prioritert barnehageplass etter punkt 1 og 2, for barn med spesielle behov, skal behovet dokumenterast av fagpersonell.

Barn med sterkt nedsett fysisk funksjonsevne, som nyttar rullestol eller på annan måte har begrensa fysisk bevegelsefriheit, vil få tilbod om plass i Voss eller Klausabakken barnehage. Dette då desse barnehagane er universelt utforma og difor er best tilrettelagt for barn med fysiske funksjonsnedsettingar.

**Søskenprioritet er knytt opp mot at ein har søsken i barnehagen når barnet byrjar i barnehagen. Ved hovudopptaket vil ein kunna missa denne prioriteten dersom søsken går ut av barnehagen.

§ 14. Bedriftsplass

Voss herad disponerer nokre plassar i dei kommunale barnehagane. Kommunal bedriftsbarnehageplass har ein til barnet byrjar i skulen, under føresetnad av at ein held fram i den kommunale stillinga, eller til plassen vert sagt opp. Kommunal bedriftsplass kan ein berre søkja om i dei kommunale barnehagane.

Private barnehagar har egne vedtekter og reglar for bedriftsplass. Nærare informasjon om bedriftsplassar får ein ved å venda seg til aktuelle barnehagar.

§15. Foreldrebetaling

Heradsstyret gjer vedtak om betalingsssatsar. Foreldre/føresette betalar for 11 månader. Det er betalingsfritak i perioden 15. juli – 14. august. Betaling for kost kjem i tillegg.

For å få til ei god tilvenning for nye barn i barnehagen ved oppstart 15.august, kan nokre barn byrja tilvenning nokre dagar etter 15.august. Uavhengig av oppstartsdato, blir det fakturert for ein halv månad i august.

Det kan søkjast om betalingsfritak dersom barnet har fråvær p.g.a. sjukdom samanhengande ein månad eller meir. Ved alvorleg sjukdom kan det søkjast om permisjon frå barnehageplassen. Søknad skal sendast til kommunalavdeling oppvekst.

Ved manglande foreldrebetaling ein månad, sender økonomiavdelinga ut varsel om oppseiing av barnehageplass, med ny betalingsfrist. Dersom foreldre/føresette ikkje betaler innan fristen vert plassen sagt opp.

Skal foreldrebetalinga delast mellom to foreldre/føresette må dei inngå skrifteleg avtale med kommunalavdeling oppvekst. Dersom ein av foreldre/føresette ikkje betalar vil oppseiinga av barnehageplassen bli sendt til begge partar, sjølv om det berre er den eine foreldre/føresette som ikkje har betalt innan fristen.

§ 16. Oppseiing av plass

Det er to månader gjensidig oppseiingstid av barnehageplassar. Oppseiinga gjeld frå 1. eller 15. i månaden. Oppseiinga skal leverast elektronisk. Det må betalast for opphald i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen. Blir plassen sagt opp etter 1. april må det betalast for barnehageplassen ut barnehageåret. I praksis vil det sei at dersom ein nyttar barnehageplassen etter 1. juni må ein betale t.o.m. 14. juli.

§ 17. Moderasjonsordningar/foreldrebetaling

Foreldre med barn i barnehagen skal ikkje betala meir enn maksimumspris for ein barnehageplass. Det er to nasjonale moderasjonsordningar jf. Forskrift om foreldrebetaling:

1. Familien/hushaldet skal ikkje betala meir for ein barnehageplass enn 6 % av den samla inntekta.
2. To, tre, fire og fem-åringar, samt barn med utsett skulestart, og som bur i hushald med låg inntekt, har rett til å få 20 timar gratis kjernetid per veke.

Systemmoderasjon er 30 % for barn nr. 2 og 50 % for barn nr. 3 og oppover.

Meir utfyllande informasjon om moderasjonsordningane finn ein på heimesida til Voss herad.

§ 18. Ferie

Barnet skal ha éin månad feriefra'vær i barnehageåret. Planleggingsdagar kan reknast som ei ferieveke. Alle barnehagane er stengde dei to siste, heile vekene i juli månad, jul - og nyttårsaftan. Barnet skal ha tre vekar samanhengande ferie innanfor skuleferien.

§19. Leike – og opphaldsareal

Netto leike- og opphaldsareal er fastsett av Voss herad jf. Departementet si rettleiande norm. For barn over tre år skal arealet inne vera minimum 4 m2 per barn, og for barn under tre år 5,33 m2 per barn. Leike- og opphaldsarealet ute skal om lag vera seks gonger så stort.

§ 20. Bemanning

Norm for pedagogisk bemanning:

Norm for pedagogisk bemanning seier at det skal det vera minimum éin pedagogisk leiar per 14 barn når barna er over tre år og éin pedagogisk leiar per sju barn når barna er under tre år jf. forskrift om pedagogisk bemanning §1.

Grunnbemanning

Norm for bemanning er éin vaksen per tre barn under tre år, og éin vaksen per seks barn over tre år.

§ 21. Helsekontroll av barn og personale

Før eit barn byrjar i barnehagen, skal det leggst fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til dei ordinære kontrollane på helsestasjonen, kan foreldre/føresette gje ei slik erklæring. Personale i barnehagen har plikt til å ta tuberkulosekontroll i høve til gjeldane regelverk.

Styrar avgjer om eit barn p.g.a. sjukdom ikkje kan vera i barnehagen. Avgjerda vert teken på bakgrunn av retningslinjer frå Folkehelseinstituttet.

§ 22. Internkontroll

For barnehagane gjeld det internkontrollsystemet som er vedteke for heradet sine verksemder.

§ 23. Teieplikt og politiattest

Dei tilsette i barnehagane, administrasjonen, medlemmer av samarbeidsutvala og utval for levekår har teieplikt vedkomande alle personopplysningar dei i kraft av stilling/ombod vert kjende med, jf. barnehagelova § 20. Alle som er, og blir tilsette i barnehagane skal ha gyldig politiattest, jf. barnehagelova § 19.

§ 24. Melde- og opplysningsplikt til barnevernet

Alle tilsette som arbeider i medhald til Lov om barnehage, skal i sitt arbeid vera merksame på, og utan hinder av teieplikta melde frå dersom eit barn lever under forhold som kan føra til tiltak frå barnevernstenesta, jf. barnehagelova § 22.

§ 25. Øvingsopplæring

Barnehagen sin eigar pliktar å stilla barnehagane til disposisjon for øvingsopplæring for studentar som tek barnehagelærarutdanning, og for lærlingar.

Styrar, pedagogiske leiar og fagarbeidarar plikter å rettleia studentar og lærlingar i slik øvingsopplæring.

Administrasjonen har fullmakt til å gjera endringar i vedtektene som følgje av statlege pålegg/endringar i regelverk.

Vedteke i kommunestyret 20.6.2019. KST-sak 23/19.